

Kjære sambygding!

Alle ynskte me uss strålande påskevær, og det fekk me. Eg hadde tenkt å bruke ein styggværsdag i påska på å skrive litt om aktiviteten fram til 2018 men den dagen kom aldri. Derfor blir det derfor ei oppdatering, no tett etter påska!

#### JANUAR:

Starten av året byrja med eit fellesmøte mellom Regionrådet for Hallingdal og Valdres Regionråd på Brennabu. Her tok me opp både erfaringar med reformane som begge dalføra har vore berørt av, men diskuterte også om det er området me kan samarbeide om. Møtet gav i alle fall betre kjennskap til kvarandre samtidig som me definitivt kan læra få kvarandres erfaringar.



Eit av tiltaka me jobbar med i Regionrådet er å arrangere Yrkessmessa på Storefjell for ungdomsskuleelevene våre. Slik kan me gje dei eit godt innblikk i kva dei kan fortsetje å utdanne seg til eller arbeide med anten om dei blir eller kjem attende til Hallingdal. Lokalt næringsliv stiller storstilt opp og viser ungdommane våre moglegheitene. Kommunane i Hallingdal hadde ei eigen stand-gate der me fekk presentert kva yrker som fins i kommunal sektor.

Flott var det og at statlege verksemder som politi, ambulanse mm. stilte opp nok ein gong. Fantastisk tilbod for ungdommane våre som me ynskjer at skal bli og koma attende😊



#### LVK i møte med energi- og miljøkomiteen om ACER

01. mars 2018

Leder Torfinn Opheim og sekretariatet ved Stein Erik Stinessen har i dag vært i møte med Energi- og miljøkomiteen på Stortinget for å drøfte EUs tredje energimarkedspakke og ACER.

Gol er ei vasskraftkommune og på lik linje med dei andre kommunane i Hallingdal er me medlem i den organisasjonen som ivaretok vasskraftkommunanes interesser – LVK. På Kongsberg vart me oppdaterte på kva endringane vil få å si for kommunane samt kva saker som ligg foran vasskraftkommunane. Ei sak som kom like etter dette møtet var ACER-saka som herja nyheitsbildet i mange veker. På vegne av Gol som medlemskommune men og Hallingdal som vasskraftregion tok me eit initiativ til å få møte Energi og Klimakomiteen på Stortinget for å få fram vasskraftkommunanes perspektiv. Det er viktig å presisere at LVK ikkje tok standpunkt, for eller imot, men var tydeleg på dei utfordringane og moglegheitene vasskraftkommunar kunne få med og utan ACER. No er det bestemt, en Island har trekt seg, og det er uvisst korleis saka stiller seg framover, men me heng på!

I tillegg hadde saksordfører invitert ordførerne fra LVK-kommunene Ål (Solveig Vestenfor), Hol (Petter Rukke) og Gol (Heidi Granli).

Gol Mållag kom også på besøk til kommunehuset i januar, og me diskuterte både bruken av nynorsk, men kanskje mest bruken av dialekta vår. Dei ynskjer å gjera ein jobb, og som medlem av Regionrådet har både Solveig og underteikna løfta opp moglegheiter me har for å isaman lyfte Hallingmålet for heile Hallingdal. Det blir spanande å sjå korleis me jobbar vidare!

Regionrådet hadde også sitt månadlege møte, denne gongen i Hol. Her fekk me ei oppdatering på velferdsteknologi i Hallingdal samt arbeidet med NAV- strukturen. Me diskuterte forslag til handlingsprogram for Strategisk plan for Hallingdal som no er vedtatt og ligg ute for alle som ynskjer å sjå på [www.regionraadet.no](http://www.regionraadet.no). Ei lita orientering direkte frå Berlin og Grüne Woche der Hallingkost befant seg fekk me også. Og like viktig som målet vårt er også våre tradisjonar i kosten. Dette følgjer me også tett.

#### FEBRUAR:

Kommunanes sentralforbund – KS er eg også så heldig å være engasjert i, både i fylkesstyre i Buskerud men og i Landsstyre. Og i dette møtet i fylkesstyre i februar skulle me koma med innspel til kva KS skal diskutere med regjeringa men og dei ulike departementa om. Då er det godt å ha med nokre gode eksemplar frå Gol og Hallingdal for å lyfte utfordringar og moglegheiter i kommune-Norge.

I fylkeshuset skjer det så mangt og etter ein visitt ang Vegpakke Hallingdal med Regionrådet fekk eg eit lite møte med fylkeskommunen ang Gol Stasjon. Her jobbar me i lag for både å gje innspel til handlingsprogrammet som legg føringar for kva Bane Nor skal foreta seg på jernbanen og stasjonane. På Gol Stasjon er det også mindre utarbeidelsar som trengs og formannskapet i Gol har sett av pengar til å starte med dette, men me ynskjer å ha med fylket på laget. Dette jobbar me vidare med!

I Gol er det mange med gode tankar og idear og i det siste har det tikka inn fleire førespurnader frå gründerar som ynskjer å vete korleis dei kjem seg vidare med sine tankar og idear. Rett nok har me både Hallingdal Næringshage og Hallingdal Etablerersenter her på Gol, men det er fleire som har teke til ordet for at dei ynskjer seg ein plass eller eit miljø for gründerar. Heldigvis har eg fått vore med Regionrådet på ByRegionprogrammet som kommunaldepartementet køyrer og her har me fått presentert forskjellige modellar. Det vil bli jobba vidare med å sjå på korleis me kan få dette til på Gol då det er viktig at me får tankar og idear til å spire😊



Eit invitasjon kom frå Hemsedal KrF i forbindelse med at Knut Arild Hareide skulle vitje lokallaget. Ordførarane i Hallingdal fekk væра med å høyre på signala, og jammen fekk me også ei prat med sjølvaste Knut Arild, noko me sette veldig stor pris på. Det er utruleg bra når me får slike sjansar til å prate Hallingdal si sak, så tusen takk til Hemsedal KrF!



I år som i fjar var Skue-lekene arrangert på Glitre Stadion på Gol. Mange flotte og spreke elevar frå heile Hallingdal fekk teste skeisun i ein kald men solrik februar dag. Takk til Christoffer Rukke og Skue som gir elevane våre moglegheita til å utfolda seg, og å væra sosiale saman over kommunegrensene. Å gje attende til lokalsamfunna, slik Christoffer gjer, betyr enormt for våre unge lovande! For min egen del held eg meg på uglatt grunn😊

Ei storstilt opning, og eit fantastisk initiativ med næringlivskveld på Maxbo i forkant av opninga samla Gol-samfunnet i ein triveleg setting. Her møtte mange opp både for å sjå, høre og prate. At næringslivet får moglegheit til å møtast og prate saman trur eg er viktig for utviklinga og for å lyfte i lag. Flott initiativ, og folksamt var det😊 Gratulere til Maxbo for ein framtidsretta butikk!



Ungdommens Kulturmønstring gikk av stabelen i aulaen i Gol nye Skule, med greenroom og det heile😊 Flotte innslag, humoristiske programleiarar og god stemning oppsummerar ein fantastisk fin og viktig kveld der ungdommen får utfolde seg!

Regionrådet for Hallingdal vart bede inn til eit dialogmøte med Nes Formannskap etter at det hadde kome opp nokre spørsmål og kommentarar rundt organiseringa og arbeidet i rådet. Dialogmøtet var eit godt møte der ein i utgangspunktet konkluderte med at kvar enkelt kommune må finne ut korleis ein sikrar mest og best mogleg informasjon begge vegar.



I Regionrådets andre møte i år fekk me besøk av Hallingdal Ungdomsråd som hadde både ein presentasjon om aktuelle sakar og arbeid, men også eit kulturelt innslag. Det blir gjort mykje bra i Hallingdal Ungdomsråd, og i mange samanhengar blir nettopp HUR trekt fram som eit godt eksempel nasjonalt. Engasjerte og dyktige ungdommar er det som pregar rådet og det gir oss som politikarar god kontakt med ungdommen! I same møtet hadde me også besøk frå Brussel der Hallingdal sine moglegheiter relatert til EU/EØS vart drøfta. Det pågår mykje bra arbeid innanfor mange spanande tema i prosjekt i EU/EØS der Hallingdal kan kjenne meir på sin besøkelsestid. Eit besøk til Brussel er uansett under planlegging.

MARS:

Etter at me vedtok innsparingane i budsjettet først over nyttår varsla eg kommunestyret at eg ville kalle inn alle gruppeleiarane i Gol til eit møte der me drøfta den innsparinga som vart vedteke som gikk på politikar godtgjersle. Me hadde eit godt møte der me kom fram til eit alternativ som me politikarar kan gjera som vår del av budsjettet. Eg sende ut referat og orienterte om møtet i kommunestyret. Sidan det var ei til to kommunestyremedlemmer som ynskte å drøfte denne med partigruppa si så blir saka sett opp til politisk behandling neste møterunde.

Etter å ha vore med på ByRegionprogrammet, utarbeidingsa av Strategisk plan for Hallingdal og andre viktige næringstiltak har det dukka opp ein idé hjå meg som no blir arbeida med. Ideen går ut på å samle, utvikle og modernisere næringslivet i Hallingdal i ei grøn og teknologisk drakt. Ideen har vore lenge inni mitt hovud, men er no klar til å jobbast vidare med saman med aktørar, partar og interessentar. Det blir ei spanande tid framover om dette prosjektet blir nok av!

Møtet i Regionrådet i mars vart brukt til å diskutere nærmare gjennomføring av tiltaka i handlingsprogrammet til Strategisk plan for Hallingdal samt interkommunale tiltak som; Interkommunalt friluftsråd. I tillegg vart programmet for vårens Hallingting spikra. I etterkant av møte møtte me fire som har utarbeida eit forslag til regional plan for idrettsanlegg i Hallingdal der me gjekk igjennom høyringssvara som var komne inn. Tanken er å presentere planen til Hallingtinget for å sjå om det er vilje til å tenkje interkommunalt om dette!



I samråd med leiar i UKL (utval for kultur og levekår) har me politikarane tatt initiativ til ein studietur til Ringebu kommune i forbindelse med deira arbeid med sine helse og omsorgstenester. Eit 16-seter dura av garde ein klar og kald mars morgen fyld med både politikarar og administrative leiarar for å lære av gode vener i Gudbrandsdalen. Turen var ein suksess og me fekk mange gode innspel som UKL saman med administrasjonen skal jobbe vidare med!

Under årets økonomikonferanse var kommunestyret samla for å høye kommunens økonomiske status samt diskutere kva utgreiingar me ynskjer gjennomført for 2018 men og vidare i økonomiplanperioda. Det kom mange forslag på både utgreiingar som kan gje umiddelbar gevinst men også forslag om utgreiingar som kan gje gevinst på lang sikt. Formannskapet fer alle forslaget att som sak i neste møterunde og skal prioritere kva administrasjonen skal arbeide vidare med.

Like før påske gjennomførte eg min fyrste vigsel. Ein spesiell oppleveling, men og ei fin oppleveling. Brureparet var fornøgde, og eg kjente også at det var godt å ha vore igjennom dette ei første gong. Kor mange gonger det vil bli i framtida veit me ikkje, men at Gol kommune kan er no stadfesta. Gratulerer til det fyrste brureparet i Gol!

Sjølv om eg eigentleg hadde tenkt å avslutte denna helsinga med å si «God påske» må eg lell få ynskle alle sambygdingar ei triveleg vår, men mange gode naturopplevelsar!